



Davy Espetveit  
Ådlandsvegen 529  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2574 - 16/22572

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
25.11.2016

## Godkjenning av søknad om utsett arbeidsfrist SMIL-prosjekt gjerding og rydding av kratt og småskog Gbnr. 40/8 - Espetveit

**Administrativt vedtak. Saknr: 392/2016**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 21.11.2016.

Meland kommune har motteke søknad frå Davy Espetveit om at fristen for å gjere ferdig SMIL-tiltak som det er løyvd midlar til vert utsett. Tiltaket gjeld gjerding og rydding av kratt og småskog på gnr. 40 bnr. 8 på Espetveit saknr. 13/1119. Arbeidsfristen går ut 30.11.2016."

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagar på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst.

### Vurdering:

Prosjektet har kome i gang, ein del står att. Rydding av areala om lag halvferdig og det står att ca. 200 meter med gjerde og noko bendsling. Arbeidet har tatt lengre tid da søker har måtte skifte ut om lag 400 meter eksisterande gjerde. Søker opplyser også at det har gått meir tid enn berekna

på å bere gjerdemateriell ut i terrenget. Det er difor trøng for meir tid for å fullføre prosjektet med gjerding og rydding.

Det er søkt om utsetting med 2 år for å gjennomføra prosjektet. Det er høve til å forlenga prosjektet med arbeidsfrist fram til 30.11.2018. Kommunen vurderer det slik at den grunnen som ligg bak at arbeidet ikkje er avslutta innan fristen, må aksepterast. Det er viktig at arbeide kan sluttførast, og utsett frist vert løyvd.

### Vedtak

«Meland kommune gjev med dette Davy Espetveit utvida frist til 30.11.2018 med å gjennomføra siste del av tiltaka som det vart løyvd pengar til i delegert vedtak, sak 13/1119. Det er ingen endring i vilkåra som gjeld for gjennomføring. Kommunen syner i denne samanheng til vedtaket som vart fatta i delegert vedtak, sak 13/1119.

Vedtaket har heimel i § 3 i forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruksområdet.»

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

### Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

#### Mottakere:

Davy Espetveit  
Fylkesmannen i Hordaland

Ådlandsvegen 529 5918  
5020

FREKHAUG  
BERGEN

